

KLASSEKAMPEN

Ansvarlig redaktør: Mari Skurdal
 Administrerende direktør: Christian Samuelsen
 Nyhetssjef: Simen Tallaksen og Lars Unar Larsen Vegstein
 Kulturredaktør: Bendik Wold
 Utenriksredaktør (fung.): Axel Geard Nygaard
 Featureredaktør: Velaug Hobbestad Sælid
 Politisk redaktør: Bjørgulv Braanen
 Utviklingsredaktør: Katrine Ree Holmøy
 Utgitt av © Klassekampen AS.
 Ettertrykk og elektronisk videre distribusjon forbudt uten etter særskilt avtale.

Ansvar

■ – I Talibans øyne er vi vantro. Vi er spioner, sier en tidligere ansatt ved den norske militærbasen i Mazar-e Sharif til Forsvarets Forum. Mannen, som tilhører den forfulgte minoriteten hazarer, har på vegne av flere tidligere lokalt ansatte skrevet et brev til norske myndigheter. Der ber de om å bli inkludert i planen om å gi opphold til afghanere som har jobbet for det norske Forsvaret. «Jeg og 13 andre har jobbet for Norge i perioden 2006 til 2014, en jobb som har satt oss i fare og gjort oss livredde for å bli tatt eller henrettet av grupper i opposisjon til den afghanske regjeringen», skriver mannen i brevet. Han beskriver også hvordan Taliban nå har plassert en mine utenfor huset han pleide å bo i.

■ I 2014 åpnet regjeringen for å gi opphold til afghanere som hadde jobbet som tolker for de norske styrkene. Tolkene hadde fått mye oppmerksomhet i mediene. Flere av dem hadde deltatt helt i fronten i skarpe trefninger med fienden, og de norske soldatene knyttet sterke bånd til sine afghanske hjelpere. Andre grupper ansatte, som for eksempel de afghanske reinholderne på den norske militærbasen, fikk ikke den samme oppmerksomheten. Denne gruppa fikk fram til 2014 ikke automatisk rett til opphold, men måtte i stedet søke individuelt. Flere fikk avslag i årene fram til 2017. Nå ønsker de å få sakene vurdert på nytt fordi sikkerhetssituasjonen har endret seg etter Natos exit fra landet. Taliban er på frammarsj, og Taliban skiller ikke mellom en tolk, reinholder eller soldat – så lenge personen jobbet for fienden.

■ Krigen i Afghanistan står igjen som et mørkt kapittel i Norges og Natos historie. Krigen mot terror er en fiasko. Resultatene av to tiår med krig mot Taliban er i beste fall status quo. De enorme ambisjonene om å bygge opp en ny demokratisk stat har sviktet fullstendig. La oss sørge for at vi i det minste får gjort én ting rett, og at vi ikke også svikter lokalbefolkningen i det vi forlater landet for godt. Så langt i år har det kommet 488 asylsøkere til Norge – et historisk lavt tall. Vi har plass til 14 afghanere som har satt seg i fare ved å jobbe for Norge.

SIMEN TALLAKSEN

Ingen tante Sofie

Kalenderen
9. JULI

Sofie Wilhelmine Mariane Henriette (f. 9. juli 1836) leste 20 aviser om dagen, ifølge leksikonet.

Norge og Sveriges dronning fra 1872 til 1905 var altså i stor grad orientert om og interessert i verdensgang, noe som også viste seg ved at hun skal ha rådført ektemannen kong Oscar i mang et samfunnsproblem. Blant annet var hun for

unionsoppløsningen og ville at kongehusets barn skulle gå på skole med andre mer eller mindre vanlige barn. Hun var opptatt av og ga støtte til kvalitet i sjukepleierutdanningen og bedre kår for funksjonshemmede. Dessuten elsket hun å være i Kongsvinger,

Mon tro om Klassekampen hadde vært en av de 20 avisene hun leste daglig, dersom den fantes på den tida. Siden de begge har til felles å leve på staten og være glad i papiravis og Distrikts-Norge, så gjetter vi ja.

KH



Dronning Sofie (1839–1913) med barnebarna prinsesse Margaretha og kronprinsesse Märtha i 1902.

Utan omsyn kan norgesferier forringe landbruket vårt.

Kvast



Bjørn Egil Flø
FOKUS

Det hekk ein storfeskrott i krana på ein naudslaktbil då eg svinga opp gardsvegen åt bonden eg hadde intervjuavtale med tidleg i vår. Jau da, det skjer dessverre av og til at dyr lyt slaktast på bås. I det eg steig ut av bilen kom bonden mot meg, «Kvast», sa ho og slo ut med armene. Som bondson forstod eg kva som hadde skjedd. Eg har blitt minna på fara for kvast i heile oppveksten. Alt i ungdomsåra, då eg vart sett til å gå opp gjerda etter vinteren, har far min formana meg om kvast.

Med lomma full av spikar, ein kveil ståltråd over skuldrene og ein hammar i nevene så gjekk mantraet konstant i skallen. «Ikkje ein spikar, sjølv ikkje ein liten bit ståltråd, skal slengast i graset». Så eg veit godt at kvasse gjenstandar i føret åt drøvtyggarar kan punkttere nettmagen og endatil gå gjennom mellomgolvet og medføre ei pinsle utan sidestykke.

Sjølv slapp eg å sjå at dyr heime laut slaktast på bås grunna kvast. Men for bonden eg møtte denne vårdagen har det vorte eit aukande problem. Tre gongar dei siste ni åra har ho opplevd at dyra har ete i seg kvast. To gongar har dei blitt berga ved operasjon, men denne dagen

gjekk det gale «Det har kome etter at driftsvegen vår her har blitt så populær som utfartsområde, kommunen har til og med teke den inn som del av 'tur-løype-nettet'».

Driftsvegen ho snakkar om svingar seg nordover gjennom eit vakkert helgelandslandskap med sjø og sandstrender på venstre hand og eit velpleidd kulturlandskap innanfor. Det var aldri noko problem før, fortel kvinna «Men dei siste ti åra har me starta oppleve at folk tek seg meir til rette enn folk før dei».

Ho fortel om telting midt på beitestykka, om folk som samlar seg til grilling og fest, og om grinder som vert ståande opne. Ho fortel om bilar parkert slik at ein

«Me tykkjer det er romantisk å telte midt i eit kulturbeite»

ikkje kjem forbi med traktor og utstyr, og om laushundar. Og til sist fortel ho om kvast, før ho legg til; «Me kan tole mykje, men ikkje det».

Forteljinga åt mjølkebonden på Helgelandskysten fell seg godt saman med forteljingar eg jamt oftare høyrer kring om i landet. Tilfeldig besøkande, langvegfarande turistar så vel som folk frå kommunesenteret på dagsturar, gjer det vanskeleg å drive aktivt gardsdrift. «Fritidsøkonomien trumfar alt», sa ein bonde frå Stryn, «kommunen er så kåt på reiseliv at dei ikkje bryr seg i oss».

Det same inntrykket hadde kvinna frå Helgeland. Ho og fleire andre frå bygda har lenge prøvd å få kommunen med på å finne løysingar som kan reduserer ulempene for gardbrukarane. Men ho opplever at «... landbruket vert sett på som ei uinteressant næring», samanlikna med eit snakka fram reiseliv.

Landbruket taper til fordel for slike som meg – og truleg slike som deg òg – sin attrå etter 'leikeplassar' der me kan leve ut vår lettlevde fritid utan at me korkje ser eller interesserer oss for ulempene det fører med seg for dei som pleier landskapet me konsumerer.

For me veit ikkje kva kvast er, me forstår ikkje kvifor grindene skal vere att sjølv om me ikkje ser krøter i nærleiken, me trur bikkjene våre er snille og tykkjer det er romantisk å telte midt i eit blomstrandende kulturbeite. Forståinga for kva eit jordbrukslandskap er og korleis jordbruk vert utøvd er svakare enn nokon gong før.

Det einaste me veit er at me har ein allemannsrett, og den retten dreg me opp av kortstokken som ein joker kvar gong me vert irettesett. Og sjølv har me slutta å irettesette kvarandre, til det er me altfor sosialliberale. Kvar skal få gjere som ein sjølv vil, meiner me og legg oss ikkje borti kva andre gjer. Derfor er det bøndene aleine som må ta jobben med å korrigere vår åtferd.

Bjørn Egil Flø,
 bygdeforsker
 bjorn.flo@nibio.no

DUNCE AV JENS K STYVE

